

ORIENTERING OM DÅP



Kjære foreldre.

Gratulerer så mykje med den vesle de har fått!
Håpar alt står bra til.

Så kjekt at de ønsker at barnet dykkar skal verta døypt og bli eit medlem i Guds store og verdsomspennande familie. Før sjølve dåpen er det ei dåpsførebuing i Haga-kyrkja. Når fleire dåp er melde, vert dette ei fellessamling. Om de ynskjer det, er det også mogleg med dåpssamtale i heimen. Ved begge tilfelle er det kjekt om nærbuande fadrar også er med viss dei kan.

For avtale om dåp og kva søndag som passar, så ring kyrkjelydskontoret, 56 58 90 10, måndag - fredag kl 10-14 eller send epost til: post@samnanger.kyrkja.no. De finn òg opplysning om dåp og datoar på heimesidene våre: www.samnanger.kyrkja.no under «kyrkjelege handlingar».

Opplæring i trua er eit felles ansvar for heim, fadrar og kyrkjelyd.

- Heime: gjennom bibelforteljingar og enkle bønner og på oppdagingsferd i skaparverket;
- For fadrane: gjennom å be for barnet og følgje det til ulike samlingar som søndagsskule og barnekor;
- I kyrkjelyden: gjennom familiegudstenester og andre samvær.

Vedlagt finn de eit **påmeldingsark for dåpen, som de sender til kyrkjekontoret så snart de har fått avklart datoen for dåpen** (anten på mail eller i post). Her fyller de ut opplysningar om dykk og fadrane. Me treng personnummeret dykkar for å kunne registrere at de er foreldra til barnet. Det er frivillig å skrive på e-post og telefon, men dette gjer det lettare for oss å kontakte dykk angående dei ulike trusopplæringstiltaka. (F.eks. at vi sender invitasjonar og info på e-post eller sms i staden for vanleg post). For at me skal kunna oppbevare desse opplysningane på lovleg vis, er det viktig at de krysser av i feltet for fullmakt og skriv under.

Ellers eit lite tips:

Når det gjeld dåpsattest, har me hatt problem med at barnet eller namnet til far ikkje er registrert i folkeregisteret og ikkje kjem med på dåpsattesten. Så veldig fint viss de går inn og sjekkar på <http://www.skatteetaten.no/no/Person/Folkeregister/> at namnet til barnet og faren er registrerte der.

Eit kort oversyn over trusopplæringsplanen vår finn de på baksida av dette arket. Denne planen er då å sjå som ein avtale mellom heim og kyrkje på vegne av barnet.

Så ynskjer vi alt godt for dykk og barnet framover, og ser fram til kontakt vidare.

Helsing
Samnanger kyrkjelyd
v/ David Vogel

Trusopplæringsplanen for Samnanger.

- 0 år:** Dåp med førebuing/ dåpssamtale.
- 0-1 år:** Babysong. (Sjå vedlegg for datoar).
- 1-3 år:** Småbarnstrall.
Dåpsfest.
- 3 år:** Krølledag. Den bortkomne sau.
- 4 år:** Familiegudsteneste med utdeling av 4-årsbok.
Korprosjekt med Samnanger barnekor.
- 5 år:** Trusopplæringsdag med Noas ark.
- 6 år:** Ettermiddagssamling ein søndag med utdeling av 6-årsbok.
Adventstida: Julevandring på Ådland.
- 7 år:** Påskevandring og påskeverkstad før påske.
- 8 år:** Tårnagenthelg.
- 9 år:** Korprosjekt med King Sing.
- 10 år:** Gudsteneste med utdeling av Manga Messias-testamente.
«Vandring gjennom Bibelen.»
Kompisleir.
- 10-12 år:** Kompis-klubb i Haga kyrkje.
- 11 år:** «Lys Vaken»- helg.
- 12 år:** Telttur til Nordviksætra.
- 13 år:** Hallo Venn.
- 14-15 år:** Konfirmantåret.
- 15-18 år:** SOULSAMbit.
- 16-18 år:** Konfirmantreunion med rullerande opplegg.

(Julevandring, 6 år, og Vandring gjennom Bibelen, 10 år, er samarbeid med skulen.)